

FAU Knarvik barneskule

Referanser:

Dykkar:

Vår: 15/904 - 15/6684

Saksbehandlar:

Kristin Moe

Kristin.Moe@lindas.kommune.no

Dato:

20.03.2015

## Enkeltvedtak - Det fysiske skulemiljøet ved Knarvik barneskule

Skule: Knarvik barneskule

Elevtal: 210

### Lovgrunnlag – opplæringslova kapittel 9a:

#### § 9a-1. Generelle krav

Alle elevar i grunnskular og vidaregåande skular har rett til eit godt fysisk og psykososialt miljø som fremjar helse, trivsel og læring.

#### §9a-2. Det fysiske miljøet

Dersom ein elev eller forelder, eller eit av råda eller utvala ved skulen der desse er representerte, ber om tiltak for å rette på fysiske miljøtilhøve, skal skulen snarast mogleg behandle saka etter reglane om enkeltvedtak i forvaltninga. Om skulen ikkje innan rimeleg tid har teke stilling til saka, vil det likevel kunne klagast etter føresegnene i forvaltningslova som om det var gjort enkeltvedtak.

### Kva saka gjeld:

Lindås kommune har motteke klage frå Foreldreutvalet ved Knarvik barneskule vedkomande det fysiske skulemiljøet ved skulen. I klagen kjem det fram at kommunen ikkje har fatta enkeltvedtak i samband med oppmoding som vart sendt frå FAU til Miljøretta helsevern i byrjinga av september 2014.

### Vurdering:

Lindås kommune oppfatta ikkje FAU sitt brev til Miljøretta helsevern, datert 08.09.14 som ein klage, og difor vart det sendt eit skriv til FAU datert den 01.10.14, med informasjon om politisk prosess i høve til utbetring av eksisterande Knarvik barneskule samt planlegging av ny Knarvik barneskule. Kommunen fatta ikkje enkeltvedtak ved dette høve.

Når det no er kjent at FAU har retta ein klage på det fysiske miljøet ved Knarvik barneskule til Lindås kommune, vil saka bli vurdert etter opplæringslova § 9a-2.

Lindås kommune er oppteken av å ha best mogleg skulemiljø for elevane våre. Dette er også bakgrunnen for at både politikarane og administrasjonen har arbeidd for å sikre elevane ved Knarvik barneskule eit godt

---

#### Post

postmottak@lindas.kommune.no

Dokumentsenteret

Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

#### Kontakt

www.lindas.kommune.no

Telefon +47 56 37 50 00

Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 1503 22 54567

Org.nr. 935 084 733

56 37 50 00

DER DRAUMAR BLIR RØYNDOM



nok fysisk skulemiljø. Den 2.10.14 fatta formannskapet i Lindås kommune vedtak om å løyve 4 mill.kr. til å byte ventilasjonsanlegg ved Knarvik barneskule samt at prosessen kring bygging av ny barneskule i Knarvik skulle starte opp i 2015.

Arbeidet med å skifte ventilasjonsanlegg ved skulen er no slutført, og med dette skal alle faktorar i høve til inneklima og luftkvalitet vere tilfredsstillande. Miljøretta helsevern har gjennomført synfaring på skulen, og melder om at luftkvalitet og CO2 nivå skal vere bra, då nytt ventilasjonsanlegg er på plass. Det vil bli gjennomført målingar når anlegget er ferdig regulert. Miljøretta helsevern melder også at problemet i høve til temperatur inne i skulen er under utbetring, og at kommunen held på med justeringar for å få temperaturstyringa til å fungere tilfredsstillande.

Miljøretta helsevern peikar på at det ikkje er teikn på dårleg vedlikehald ved Knarvik barneskule samt at dei sanitære forhold samla sett er tilfredsstillande i høve til elevtalet ved skulen. Knarvik barneskule har 12 toalett for elevane (ein har då ikkje rekna med toalett som er i areal for kroppsøving). Lindås kommune vil skifte golvbelegg på toalett for dei yngste, då det er noko urinlukt (ikkje sterk) her. Dette arbeidet vil bli utført vår 2015.

Ny Knarvik barneskule er vedteke politisk, og planarbeidet vil bli starta opp tidleg haust 2015. Her vil skulen sine rådsorgan bli invitert til å delta i planprosessen, saman med skule og kommune. Informasjon om det vidare arbeidet vil gå til FAU via rektor ved Knarvik barneskule. Ein legg ved protokoll frå møte i formannskapet 02.10.14 til orientering.

#### **Vedtak:**

Lindås kommune vurderer at utbetringar som er gjort i høve til det fysiske miljøet ved Knarvik barneskule samt tidsperspektivet for planlegging av ny skule, er tilfredsstillande for å sikre elevane eit godt fysisk skulemiljø, jamfør opplæringslova §9a-2.

Vedtaket blir sendt til Fylkesmannen til orientering.

#### **Klagerett:**

*Dette er eit enkeltvedtak etter forvaltningslova. Klagefristen er 3 veker rekna frå den dagen vedtaket er motteke. Klagen skal sendast til den instansen som fatta vedtaket, som vidare sender klagen tenesteveg. Får klagar ikkje medhald ved ny handsaming, vert klagen sendt til endeleg avgjerd hjå Fylkesmannen i Hordaland, Utdanningsavdelinga. Dei er klageinstans for enkeltvedtak fatta med heimel i Opplæringslova.*

Med helsing

Kristin Moe  
kommunalsjef oppvekst

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**

Terje Hugo Aarvik

Ragna Midtbø

**Mottakarar:**

FAU Knarvik barneskule  
Fylkesmannen i Hordaland